

PolitidirektoratetPolitidirektoratet@politiet.no

Knarvik, 8. mars 2017

Klage – vedr. Geografisk driftseining - Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur

Me viser til arbeidet med nærpolitireforma og til Politidirektoratet sitt brev 13.01.2017 om endringar i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og tenestestadar i Vest politidistrikt, og til høyringsbrev frå direktoratet med høyringsfrist til om er sett til 10. mars d.å.

Regionrådet I Nordhordland er fornøgd med at politidirektoratet har fylgd innstillinga til politimeisteren og legg til grunn Nordhordland lensmannsdistrikt med to tenestestader i Nordhordland (Knarvik og Masfjorden). Vidare er me fornøgd med at Osterøy (Lonevåg) blir eit tenestested i det samanslåtte lensmannsdistriktet Voss og Osterøy.

Med heimel i forskrift 2016-06-22-815 § 1 klagar Regionrådet I Nordhordland på vedtaket innan klagefristen 10. mars 2017. Klagen vår gjeld at den geografiske driftseininga (GDE) vert for stor, og at politidirektoratet har gått bort frå alternativ 2 frå politimeisteren, som her opna for at Nordhordland skulle kunna vera ei eiga GDE.

Regionrådet viser til:

1. Den politiske avtalen som låg til grunn for arbeidet med nærpolitireforma
2. Prop. 61 LS 2014-15 «Endringar i politiloven m.v.». Her vert det lagt til grunn at departementet skal sikra at kommunane skal kunne uttale seg om geografiske endringar av driftseiningane ansvarsområde og eventuelle endringar i lokaliseringa av driftseiningane.
3. Oppdragsbrev 2015 frå Justis- og beredskapsdepartement datert 21.10.2015 – «Gjennomføring av nærpolitireforma»

Politidirektoratet sitt høyringsforslag betyr at politiet organiserer seg i tre nivå, medan politisk avtale som ligg til grunn for reformarbeidet, fastslår at politiet skal organiserast i to nivå. Klagen vår gjeld at den geografiske driftseininga vert for stor, og at politidirektoratet har gått bort frå alternativ 2 frå politimeisteren i Vest politidistrikt, som her opna for at Nordhordland skulle kunna vera ei eiga GDE.

Me viser til at Justis- og beredskapsdepartementet på bakgrunn av Stortingsvedtaket har gitt Politidirektoratet klare føringar for korleis reforma skal gjennomførast.

Geografisk driftseining er eit geografisk område som kan innehalda fleire tenesteeiningar. Leiar av geografisk driftseining skal og vera leiar av ein tenesteeining og leiar av ein tenestestad. Leiar for geografisk driftseining har personalansvar, økonomi- og budsjettansvar, og er medlem i leiargruppa til politimeisteren.

I oppdragsbrevet frå departementet side 5 er det beskrive kva ansvar GDE skal ha og kva ulike forvaltningsoppgåver dei skal kunne ha. Me synest alle desse argumenta byggjer opp under vårt krav om at Nordhordland må vera eigen GDE.

- Nordhordland har ei lang og utsett kyststripe, lang strekning med E39, og store hamner med særstort trafikk med høgt risikopotensiale. Området vil dekkja 9 kommunar med mykje fjord og fjell med ulukkesbelasta og rasutsette vegar. Fensfjord-bassenget, med Mongstad industriområde og veksande aktivitet i Sløvågområdet, er stort og har

mange verksemdar med stort risikopotensiale. Mongstad er ei av dei største hamnene i Europa, og området er utsatt i forhold til oljesøl og gassulukker m.v. Kompleksiteten i risiko og beredskap i Nordhordland bør kvalifisere til at området også blir eigen GDE.

- Ei felles driftseining saman med Voss og indre deler av Hardanger heilt til grensa mot Telemark fylke, vil etter vårt syn ikkje vera føremålstenleg. Denne eininga vil verta særst utfordrande å handtere, både geografisk og ressursmessig.

I prop. 61 LS står det at ein skal unngå ein struktur med mange nivå, og at de geografiske baserte driftseiningane skal leiast av ein av lensmennene eller politistasjonssjefane som inngår i driftseininga. Driftseininga nå kunne styre verksemda ved det enkelte tenestested.

Regionrådet meiner at det vert svært utfordrande for ein lensmann å styra det enkelte tenestested i ein GDE som strekk seg frå kysten t.o.m. Hardangervidda og ned mot Sunnhordland og frå Sogn til grensa til Bergen.

- I Nordhordland har me lang og god tradisjon for eit tett samarbeid mellom kommunane og politiet, og dette ønskjer me skal fortsetja. Det er bygd opp eit særst godt politi i Nordhordland, og eininga har utmerka seg med god kriminalitetsførebygging, spesielt retta mot ungdom. Eininga har den høgaste oppklaringsprosenten i politidistriktet, og samarbeidet mellom einingane som er føreslått samla i Nordhordland er etter vårt syn godt. Nordhordland er i dag den største driftseininga utanom Bergen, og den med flest straffesaker.

Regionrådet meiner at Nordhordland må vera eigen GDE som sjølv prioriterer ressursar, som har administrative oppgåver og kapasitet, og som sjølv har ansvaret for at det er tilstrekkeleg vakt og patruljeberedskap i driftseininga - og som ikkje minst kan driva fram utviklingsarbeid og forvalta spesialkompetanse. Nordhordland må sjølv kunne handtere det største volumet av kriminalitetsutfordringar utan ressurstilførsel frå andre einingar i politidistriktet. Regionrådet meiner at lokal tilpassa leiing er grunnleggjande i nærpolitireforma og heilt nødvendig for å oppretthalda lokalt tillit ute blant politiets eige personell og hos lokale styresmakter og folk flest. På den måten kan ressursane til politiet bli nytta på ein best mogeleg måte. Me får meir midlar til politiarbeid og mindre til rapportering og byråkrati.

Ei leiargruppe til politimeisteren slik den er føreslått, vert for «administrativ» og utan nok operative leiarar frå distrikta. Politileiarar som kan løfta inn distriktsmessige problemstillingar frå distrikta og frå dialog og samarbeid m.v. med kommunane (kommunal toppleiing og frå helse og brann/redning) er viktig for tilliten til politiet.

Regionrådet i Nordhordland ber med dette om at vår klage vert følgt opp ved at Nordhordland vert definert som ei geografisk driftseining (GDE), og at tenestestadane får klart definerte oppgåver som sikrar innbyggjarane gode polititjenester, og dei tilsette interessante og utfordrande arbeidsoppgåver.

Med venleg helsing

Alle ordførarar i Regionrådet Nordhordland (9 kommunar)



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland